

Ingvild Reed

Påverkar tidlegare lærte språk korleis ein meistarar verbplasseringa i norsk?

Ei undersøking av norsk verbinversjon hjå vaksne tredjespråksinnlærarar

Bacheloroppgåve i nordisk for lektorstudentar

Rettleiar: Kristin Melum Eide

Juni 2021

Ingvild Reed

Påverkar tidlegare lærte språk korleis ein meistarar verbplasseringa i norsk?

Ei undersøking av norsk verbinversjon hjå vaksne tredjespråksinnlærarar

Bacheloroppgåve i nordisk for lektorstudentar
Rettleiar: Kristin Melum Eide
Juni 2021

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Errataliste

Bachelorkandidat: Ingvild Reed

Kandidatnummer: 10017

Oppgåvetittel: Påverkar tidlegare lærte språk korleis ein meistarar verbplasseringa i norsk?

Forkortingar for type retting:

Kor - korrektur

Side/linje	Original tekst	(type retting) Korrigert tekst
13/5	«I begge gruppene blir det gjort fleire feil i hovudsetningar enn i undersetningar».	(Kor) «I begge gruppene blir det gjort fleire feil i undersetningar enn i hovudsetningar».
13/9	«...av en helt annen art [enn overinvertering]...»	(Kor) «...av en helt annen art [enn overinversjon]...»
13/15	«...det faktisk heller er underinversjonsfeil som er mest seigliva...».	(Kor) «...det faktisk heller er overinversjonsfeil som er mest seigliva...».

Innhald

1. Innleiing	2
2. Teori	3
2.1 V2-regel og inversjon i norsk, tysk, engelsk og fransk	3
2.2. Transferteori.....	5
3. Metode	6
3.1 Val av tekstar	6
3.2 Gjennomføring av analysen	7
4. Empiri	9
4.1 Samla resultat.....	9
4.2 Statistiske skilnadar mellom gruppene.....	10
4.3. Avvik i hovudsetningar	11
4.4. Topikaliserte setningar	12
5. Analyse	13
5.1 Samla resultat.....	13
5.2 Statistiske skilnadar mellom gruppene.....	14
5.3 Avvik i hovudsetningar	15
5.4. Topikaliserte setningar	17
6. Diskusjon	17
7. Konklusjon.....	19
8. Avslutning.....	19
9. Litteratur	20
10. Korpora.....	22

1. Innleiing

Når eg prøver å lære meg nye språk, merkar eg kor vanskeleg det er å ikkje blande inn ord og strukturar frå andre språk eg kan. Veldig mange av dei som lærer seg språk i vaksen alder har erfaring med andrespråk frå før. Likevel syner Jaensch (2012) at medan det har vore svært mykje forskning på andrespråk, har forskning på tredjespråk fyrst det siste tiåret har byrja å bløme sjølvstendig (Jaensch, 2012, s. 168).

Denne oppgåva vil undersøkje korleis kjennskap til eit andrespråk (S2) har effekt på innlæring av norsk som eit postpubertalt tredjespråk (S3). Ordstilling og verbplassering er essensielt i det å meistre eit språk, og eg vil difor sjå på dette. Eg vil undersøkje om engelskspråklege si innlæring av norsk verbinversjon og V2-regelen vert påverka av om ein kan eit S2 med dei same trekka frå før.

Blant anna Selven (2014) har vist at innlærarar med tysk som morsmål kan ha ein fordel via transfer i innlæringa av verbplassering i norske hovudsetningar, men ikkje i undersetningar. I denne oppgåva vil eg utnytte denne asymmetrien, og sjå om engelskspråklege innlærarar som har tysk som S2 utviser eit liknande mønster som dei som har tysk som morsmål. Eg vil samanlikne resultatata med ei kontrollgruppe som har lært fransk, eit ikkje-V2-språk, og sjå om desse har større vanskar enn gruppa med tysk S2. Problemstillinga mi vert dermed:

Påverkar andrespråket korleis ein meistarar verbinversjon i norsk?

Det er særleg interessant å undersøkje innlæring av inversjon og V2-regelen fordi Brautaset (1996) viser at mange morsmålsbrukarar av norsk ser på brot med reglane som tydelege trekk ved norsk mellomspråk. Dette er dessutan trekk som mange andrespråksinnlærarar lærer seg seint i innlæringsløypa (Hagen, 1992).

Fyrst vil eg gjere greie for V2-regelen og inversjon i dei aktuelle språka, og gjeve ein introduksjon til temaet transfer frå S1 og S2 til S3. I metodekapittelet viser eg korleis eg har gått fram og i empirikapittelet viser eg resultatata. I analysekapittelet undersøker eg kva funna fortel, før eg i eit diskusjonskapittel ser på korleis funna svarer til problemstillinga. I eit konklusjonskapittel summerer eg opp dei viktigaste funna.

2. Teori

I oppgåva vert morsmålet (engelsk) kalla S1, det eller dei språka informantane kan frå før kalla S2, og norsk kalla S3. Her er altså ikkje skilnaden mellom S2 og S3 kor godt ein kan språket, men på kva *tidspunkt* ein lærte det, fordi det er dette som indikerer kva som er tilgjengeleg for transfer.

2.1 V2-regel og inversjon i norsk, tysk, engelsk og fransk

V2-regelen i norsk og tysk kan forklarast som at det finitte verbet i deklaratve hovudsetningar alltid vil stå på andre plass i setninga, uavhengig av leddfølga i setninga elles (Hagen, 1992). Verken engelsk¹ (Åfarli, 2015) eller fransk (Schmeißer, & Jansen, 2015) har dette trekket, og kan difor ha verb ståande på tredje plass i setninga. Sidan norsk er eit SVO-språk (med rekkefylgja subjekt-verbal-objekt i djupstrukturen), vert det ikkje tydeleg at norsk faktisk har V2 før noko anna enn subjektet vert tematisert (Åfarli, 2015). Norsk, tysk, engelsk og fransk har same struktur i setningar der subjektet står fyrst. Under er dette demonstrert, der «X» står for andre ledd enn subjekt og verbal (mine eksempel):

- | | | | |
|-------|-------------------|-------|-----------|
| 1. a) | Eg kom i går | (SVX) | (Norsk) |
| b) | Ich kam gestern | (SVX) | (Tysk) |
| c) | I came yesterday | (SVX) | (Engelsk) |
| d) | Je suis venu hier | (SVX) | (Fransk) |

I setningar der til dømes eit adverbial er tematisert, vil engelsk og fransk skilje seg frå norsk og tysk, fordi dette vil føre til V3 i engelsk og fransk, og V2 i norsk og tysk.

Ugrammatikalske konstruksjonar er markerte med stjerne (mine eksempel):

- | | | | |
|-------|---------------|-------|----------|
| 2. a) | I går kom eg. | (XVS) | (Norsk) |
| b) | *I går eg kom | (XSV) | (*Norsk) |

¹ For nokre trekk har engelsk ein form for V2, det Rizzi (1996) kallar «Residual V2», blant anna i negererte hovudsetningar (gjengjeve i Eide, 2015, s. 179). Då dette er eit avgrensa fenomen som berre finst i utvalde strukturar i engelsk, vil eg gå ut frå at engelsk ikkje har V2.

c) Gestern kam ich	(XVS)	(Tysk)
d) *Gestern ich kam	(XSV)	(*Tysk)
e) *Yesterday came I	(XVS)	(*Engelsk)
f) Yesterday I came	(XSV)	(Engelsk)
g) *Hier suis je venu	(XVS)	(*Fransk)
h) Hier je suis venu	(XSV)	(Fransk)

Innanfor generativ grammatikk er det vanleg å sjå på genereringa av deklorative setningar som ein tostegsprosess: fyrst ei flytting av det finitte verbet til T og til C, og så ei flytting av subjektet eller eit anna ledd til CP (f. eks Åfarli & Eide, 2015). I denne oppgåva konsentrerer eg meg i hovudsak om den lineære rekkefylgja på ledda. Setningar der noko anna enn subjekt er tematisert, vil eg kalle «topikaliserte setningar», og støtter meg dermed på terminologien til Eide og Sollid (2011, s. 22).

Både norsk og tysk er asymmetriske V2-språk, som vil seie at dei krev V2 i hovudsetningar, men ikkje i undersetningar (Eide, 2015, s. 179). I tysk er verbet plassert heilt til slutt i undersetningar. I norsk går ein ut frå at det òg her skjer er ein type inversjon, der verbet flyttar ut frå VP-en og oppover (eller til venstre) i setninga, slik at det finitte verbet i norske undersetningar kjem etter subjekt og eventuelle setningsadverbial (Åfarli, 2015, s. 110). Skilnaden mellom norsk og tysk er vist her (mine eksempel):

3. a) Eg fortalte [at eg nettopp **hadde** kjøpt ein bil].
- b) Ich erzählte, [dass ich gerade ein Auto gekauft **habe**].

Det er altså denne asymmetrien mellom undersetningar og hovudsetningar eg vil undersøkje i denne oppgåva. Oppsummert kan ein forklare skilnadane som er relevante for denne undersøkinga i tabellen under.

Tabell 2.1.1. Samanlikning av V2-bruk i engelsk, tysk, fransk og norsk

	Hovudsetningar	Undersetningar
Engelsk	Ikkje-V2	Ikkje-V2
Tysk	V2	Ikkje-V2
Fransk	Ikkje-V2	Ikkje-V2
Norsk	V2	Ikkje-V2

2.2. Transferteori

Innanfor andrespråksforskinga er det eit sentralt spørsmål om syntaktiske trekk kan bli overførte frå språk ein kan frå før til eit ein lærer seg (Eide, 2015). Håkansson, Pienemann og Sayehli (2002) klassifiserer V2 som eit universelt kognitivt vanskeleg trekk å lære, og meiner at innlæringa ikkje vert påverka av kva S1 og S2 ein har. Dei støttar seg på Pienemann (1998), som hevdar at «L2ers in comprehension and production employ a non-language-specific procedure to map semantic roles and surface forms».

På den andre sida har Bohnacker (2006) vist at svenske innlærarar som har V2 i morsmålet overfører trekket smertefritt til S2 med V2, men at eit S2 utan V2 kan forstyrre overgang til eit S3. Denne oppgåva tek sikte på å undersøkje om det skjer transfer frå S2 til S3, men undersøkinga er ikkje designa slik at ein kan finne ut meir om mekanismane bak. Det kan likevel som teoretisk bakgrunn kort nemnast to sentrale teoriar som handlar om naturen bak overføring av trekk til S3. Modellen *Cumulative-Enhancement Model* (CEM) (Flynn et al., 2004) går ut på at språkinnlæring er kumulativt. Mønsteret i innlæring av eit nytt språk er avhengig av den lingvistiske kompetansen som innlæraren allereie har. Viktig for denne teorien er at tidlegare innlærte språk kan ha nøytral eller positiv innverknad på språklæring, aldri negativ (Flynn et al., 2004).

På dette punktet skil teorien seg frå ein annan viktig teori innanfor tredjespråksforsking, nemleg *L2 Status Factor* frå Bardel og Falk (2007). Òg denne teorien går ut frå at det vil skje transfer frå S2, men teorien predikerer at påverknaden frå S2 er så stor at den vil verke som eit filter og undertrykkje S1. I Bardel og Falk (2012) argumenterer dei for at dette kjem av at S2 og S3 kognitivt sett er likare kvarandre. Alle språk ein lærer i vaksen alder baserer seg på det deklorative minnet, som er knytt til hukommelse, medan språk ein lærer som morsmål blir lært via det prosedurale minnet, som er knytt til automatiske ferdigheiter. Sidan syntaksen til S2 og S3 lært i vaksen alder begge vert lagra via det deklorative minnet, er det ifylgje denne teorien meir sannsynleg at det skjer dynamisk interferens mellom dei enn mellom eit morsmål og eit tredjespråk (Bardel & Falk, 2012, s. 70).

3. Metode

3.1 Val av tekstar

For å undersøkje problemstillinga mi har eg brukt tekstar frå Norsk andrespråkskorpus (ASK) til å samanlikne korleis engelskspråklege innlærarar med ulike S2 tileignar seg inversjonsmønster i norsk. Johannessen (2003) skriv at «korpusmetoden er uovertruffen når det gjelder datamengde, tid og penger» (s. 168). I denne undersøkinga var det eit problem at gruppa eg undersøkte var ganske marginal. Det var eit mål å finne informantar som berre har eit andrespråk frå før, for å minimere mogelegheita for interferens frå andre språk. I datamaterialet frå ASK var det berre fire informantar som har tysk som einaste S2, og difor vart det òg inkludert dei som har lista tysk som S2, men som òg har eit anna andrespråk (8 stykk).

Dette gjorde likevel at eg hadde relativt få tekstar å sjå på, og eg kunne alternativt ha funne informantar på andre måtar. Eg valde likevel å bruke korpus, fordi det gjorde at eg effektivt kunne finne datamateriale som lett kunne samanliknast. Ein stor fordel med datamaterialet var at alle informantane hadde tatt og bestått *Test i norsk – høyere nivå*, så tekstane er homogene på den måten at dei er tatt i same testsituasjon, med same tidsavgrensing, og under dei same fysiske rammeføresetnadane (jf. Tenfjord, Hagen, Johansen, 2009, s. 55).

Eg har brukt informantar som har engelsk som morsmål og i tillegg har lært minst eit andrespråk: tysk² eller fransk³. Fransk er kontrollgruppa. Eg ville ha ei kontrollgruppe som òg hadde erfaring med å lære seg eit andrespråk, sidan erfaring med å lære seg *kva som helst* andrespråk kan vere positivt for innlæring (Bardel & Falk, 2012, s. 69). Å ha ei kontrollgruppe gjer dessutan lettare å undersøkje systematiske skilnadar mellom dei som kan eit S2 med V2 og dei som ikkje kan det. Alle tekstar i ASK er vurdert etter CEFR-skalaen («The Common European Framework of Reference for Languages») frå A1-C2, av tilsette ved Universitet i Bergen og dei som har ansvar for Norsk Språktest (Signe Wiger, personlig kommunikasjon, gjengjeven i Selven, 2014, s. 56-57). Fordi alle dei som har tysk som S2 hadde skår på B2 eller meir, søkte eg berre etter informantar i franskgruppa som hadde B2-

² Søk kode i ASK: <text> :: language3 = "tysk" & language = "engelsk" & ceفرscore = "B2|B2/C1|C1" For å få feila: [<sic> & attributes- = "type=(O)" & attributes- = "desc=(.*)"] \ <> \ \ :: language3 = "tysk" & language = "engelsk"

nivå eller betre. For denne gruppa var det 23 treff⁴, og eg valte ut 12 stykk tilfeldig frå lista. Informasjon om heimland, CEFR-skår og eventuelle språk 4 til alle informantane er vist i vedlegg 1.

Busterud (2013) peikar på at eit problem ved undersøking av S2 sin innverknad på S3 er at ein ofte ikkje veit kor gode innlærarane er i S2-språket. Bardel og Falk (2011, s. 63) viser at det er fornuftig å anta at når det kjem til syntaks må innlæraren ha nådd eit visst nivå av ferdigheiter for at det skal vere mogeleg å overføre dette til S3. I Bardel og Falk (2011) undersøker dei innlærarar med eit S2 som dei berre har svært avgrensa ferdigheiter i, og dei finn at det verken skjer positiv eller negativ transfer frå dette språket til S3.

På ASK står det berre lista opp kva språk innlærarane kan, og dette er sjølvrapportert. For å få sikrere resultat i denne undersøkinga kunne eg samla informantar på eiga hand, og gjort testar der eg undersøkte ferdigheitsnivået i andrespråket. Dette ville vore tidkrevjande og omfattande, og gått utanfor det denne oppgåva kunne ha romma. Då korpusbruk er ein så effektiv og praktisk metode elles, meiner eg at dette likevel er ein hensiktsmessig metode.

3.2 Gjennomføring av analysen

Analysen har gått føre seg ved at eg har talt opp alle dei finitte verba i deklaratve hovudsetningar og undersetningar, og sett på kor mange av desse som er riktig plasserte. Interrogative setningar, setningar med imperativ og ellipsar utan finitte verb er utelatne. Det same er setningar som inneheld meir enn eit finitt verb, der det ikkje er mogleg å vite om verbplasseringa er riktig eller ikkje. For å dobbelsjekke om eg har gått glipp av inversjonsfeil har eg dessutan søkt opp dei relevante feila som taggarane i korpuset har markert. Dei relevante søkekodeane for dette er synte i vedlegg 2.

Når eg har sett på plasseringa av det finitte verbet har eg sett på dette uavhengig av om det faktisk har finitt morfologi eller ikkje. Dette er fordi eg støtter meg på teorien om usynleg bøyning (Lardiere, 2000, gjengjeve i Åfarli, 2015). I denne samanheng kan ein gå ut frå at ein kan ha identifisert det finitte verbet utan at det blir tempusmarkert, og eg har difor berre sett

⁴Søkekode i ASK: <text> :: language4 != "tysk" & language3 = "fransk" & language = "engelsk" & cefrscore = "B2|B2/C1|C1"

på verb som på *målspråket* norsk skulle hatt finittmarkering. Dette er fordi det som er interessant her er plasseringa av verbet, ikkje finittmarkeringa⁵.

Det er ofte ikkje eit heilt eintydig skilje mellom kva som er grammatikalsk og ugrammatikalsk verbplassering i norsk. Eit eksempel er i setningar der setningsadverbial står til høgre for det finite verbet, særleg i undersetningar. Døme på dette er: «Samtidig er det viktig å huske at et menneske **er** også et individ» (h0189) og «det er et lys inni deg som **må** aldri slukne» (h0300) (mine markeringar). Åfarli og Eide (2003) skriv at hovudmønsteret er at setningsadverbial vert plasserte (adjungerte) til venstre for det finite verbet, men at dei som unnatak òg kan verte plasserte til høgre for det finite verbet. Dette skriv dei derimot at er uvanleg i undersetningar (Åfarli & Eide, 2003, s. 94).

Der eg har vore i tvil om setninga er grammatikalsk eller ikkje har eg samanlikna med ASK Korrektkorpus, eit parallellkorpus til ASK Hovedkorpus med tekstar der grammatikalske avvik frå målspråket norsk er retta opp. Ingen av eksempla ovanfor var retta opp i korrektkorpuset, og sidan dei er tvilstilfelle har eg ikkje talt dei med i denne undersøkinga. Eg har likevel tatt med feil som ikkje er retta opp i korrektkorpuset viss eg har vore overtydd om at det er snakk om feil verbplassering. Eit eksempel er «Hver gang mønsteret begynner vi får en ven» (h0500), der eg meiner at det er ein tydeleg feil at både adverbialet «hver gang mønsteret begynner» og subjektet «vi» står føre det finite verbet.

Desse analyseutfordringane viser at ein annan som hadde sett på materialet kunne kome til noko anna resultat. Eg meiner likevel at framgangsmåten der eg både har søkt opp alle relevante feil via feilkodar, før eg sjølv har gått gjennom tekstane manuelt, for så å samanlikna alle markerte feil med korrektkorpuset, er ein metode som gjer at risikoen for store analysefeil er liten.

Fråvær av feil treng ikkje bety at ein meistrar inversjon, det kan òg bety at ein unngår setningar som startar med noko anna enn subjekt. Dette kan vere fordi ein er var for at denne strukturen kan vere problematisk, og difor vel å ikkje produsere slike setningar. Berggreen og Tenfjord (1999) kallar dette fenomenet for underproduksjon (s. 215). Eg har difor òg talt opp alle topokaliserte setningar, for å sjå om ein kan finne eit slikt mønster.

⁵ Det kan likevel påpeikast at det er vanleg å gå ut frå at det er ein samanheng med tidspunkt for når ein meistrar finittmarkering og når ein meistrar V2-inversjon (Hagen, 2001). Denne samanhengen vil eg ikkje gå inn på i denne oppgåva.

I tillegg til å telle saman talet på avvik, har eg gjennomført ein analyse og klassifisering av dei feila som faktisk er gjort, og sett om eg finn strukturelle mønster i dei to gruppene. Eg baserer meg på Hagen (1992) sine tre kategoriar av inversjonsfeil. *Overinversjon* kan definerast som at innlæraren forstår korleis ein inverterer, men at dette blir brukt i kontekstar der det ikkje skal bli brukt (ibid., s. 29). Dette skjer typisk i undersetningar, og eit eksempel frå mitt datamateriale er «når man vil egentlig bare sitte i fred og ro» (h0241).

Underinversjon handlar om mangel på inversjon der det skulle vorte invertert (ibid., s. 29).

Dette er ofte i hovudsetningar, og eit eksempel kan vere «I dag unge mennesker hører på sangene av Britney B Spears» (h0178). *Feilinversjon* viser ein inversjonsregel i mellomspråket som skil seg frå inversjonsregelen i normert norsk (ibid., s. 29). Eit eksempel er «Eller må de ofte lese til elevene» (h0457).

4. Empiri

4.1 Samla resultat

Tabell 4.1.1 og 4.1.2 viser delen av riktige plasserte finitte verb i hovud- og undersetningar, samt talet på faktiske feil per tekst i høvesvis gruppa med tysk og fransk som S2.

4.1.1 Fordelinga av riktig plassering av det finitte verbet i hovud- og undersetningar i gruppa med tysk som S2, samt talet på kor mange faktiske feil som vart gjort per tekst.

Tekst-id	Riktig i hovudsetningar %	Faktiske feil i hovudsetningar	Riktig i undersetningar %	Faktiske feil i undersetningar	Riktig verbplassering %
h0169	100,0	0	100,0	0	100,0
h0179	100,0	0	100,0	0	100,0
h0213	100,0	0	93,3	1	97,3
h0241	97,4	1	82,9	6	89,9
h0334	100,0	0	100,0	0	100,0
h0428	97,1	1	95,5	1	96,5
h0436	100,0	0	100,0	0	100,0
h0503	100,0	0	100,0	0	100,0
h0521	100,0	0	88,5	3	94,0
h0533	95,0	2	93,3	2	94,3
h0610	97,7	1	100,0	0	98,3
h0621	100,0	0	100,0	0	100,0
Gjennomsnitt	98,9		95,6		96,5

4.1.2. Fordelinga av riktig plassering av det finite verbet i hovud- og undersetningar i gruppa med fransk som S2, samt talet på kor mange faktiske feil som vart gjort per tekst.

Tekst-id	Riktig i hovudsetningar %	Faktiske feil i hovudsetningar	Riktig i undersetningar %	Faktiske feil i undersetningar	Riktig verbplassering%
h0178	93,8	2	100,0	0	96,4
h0189	100,0	0	90,9	2	95,8
h0234	100,0	0	88,9	3	94,3
h0300	100,0	0	94,7	2	97,4
h0457	94,9	2	97,4	1	96,1
h0443	97,0	1	90,0	2	94,3
h0464	96,2	1	95,8	1	96,0
h0469	100,0	0	96,0	1	98,2
h0470	100,0	0	100,0	0	100,0
h0481	97,2	1	100,0	0	98,4
h0500	93,0	4	91,4	3	92,4
h0553	100,0	0	100,0	0	100,0
Gjennomsnitt	97,7		94,7		96,6

4.2 Statistiske skilnadar mellom gruppene

Ei oversikt over fordelinga av dei feila som faktisk vart gjort (45 stykk) er vist i tabell 4.2.1.


Tabell 4.2.1. Faktisk tal på feil i hovud- og undersetningar, samt totalt tal på feil i gruppene med tysk og fransk som S2.

	Tysk som S2		Fransk som S2	
	Faktiske tal	Prosent%	Faktiske tal	Prosent%
Feil i hovudsetning	5	26,3	11	42,3
Feil i undersetning	14	73,7	15	57,7
Feil totalt	19		26	

Tala på faktiske feil som er vist i tabell 4.2.1, er illustrert grafisk i Figur 1 og 2.



Figur 1: Fordelinga av dei faktiske feila som er gjort i gruppa med tysk som S2 i prosent, etter fordelinga mellom feil i hovud- og undersetningar.



Figur 2: Fordelinga av dei faktiske feila som er gjort i gruppa med fransk som S2, etter fordelinga mellom feil i hovud- og undersetningar

4.3. Avvik i hovudsetningar

Dei feila som bryt med V2-prinsippet i norsk i gruppa med tysk og fransk som S2 er vist i tabell 4.3.1. og 4.3.2. På grunn av omfangsavgrensinga i denne oppgåva vil eg ikkje kommentere feila gjort i undersetningar. Desse feila er vist i vedlegg 3.

Tabell 4.3.1. V2-feil i gruppa som har tysk som S2 med markering av dei ulike setningsledda før det finite verbet, samt klassifisering av type inversjonsfeil

ID	Setning	Feiltype
h0241	[selv om mobilen har sine nyttige sider og det er ikke tvil om at den har gjort livet letter på mange måter], [det] er ikke sikkert at	Underinversjon Adv + S + V
H0428	[På skolene], [de som er mest [unclear]] er ofte de som er pen est	Underinversjon AdvLok + S + V
h0533	[I land som folk har ikke nok penger], [de] kaster det ikke borte på produkter de egentlig ik har ikke behov for.	Underinversjon AdvLok + S + V
h0533	[Hvis de egentlig trengte å redusere vekt], [de] bør spare pengene sine	Underinversjon Adv + S + V
h0610	[Det som var et kjent området for alle] [ikke] finnes lenger	Underinversjon S+ AdvNeg +V

Tabell 4.3.2. V2-feil i gruppa som har fransk som S2 med markering av dei ulike setningsledda før det finite verbet, samt klassifisering av type inversjonsfeil

Tekst-id	Setning	Feiltype
h0178	[moren min] [alltid] skal gråte når hun hører på Moon River	Underinversjon S- SAdv- V
h0178	[I dag] [unge mennesker] hører på sangene av Britney B Spears	Underinversjon Adv + S + V
h0443	[for mange] [kiloene] kommer bare tilbake når man begynner å spise	Underinversjon Adv- S- V
h0464	[For meg] , [alle de poenger overfor] har noe med vennskap å gjøre	Underinversjon Adv- S- V
h0457	[I dag] [ungdom] leser rett og slett mindre enn før	Underinversjon

		Adv- S- V
h0457	[Eller] <u>må</u> [de] ofte lese til elevene	Feilinversjon Konj-V- S
h0481	[Gutter] [ofte] <u>mener</u> at skønlitteratur er jentete	Underinversjon S- Adv - V
h0500	[Hver gang mønsteret begynner] [vi] <u>får</u> en ven	Underinversjon Adv – S -V
h0500	[dermed] [man] <u>har</u> lykke.	Underinversjon Adv – S -V
h0500	[når Falkeid skriver " venner "], [han] <u>skulle</u> ha skrevet " bestevenner ".	Underinversjon Adv- SU -V
h0500	[Til og med de som dør], <u>forlater</u> [de] aldri mim minnene	Feilinversjon Verbet flytta for langt, forbi partikkel

4.4. Topikaliserte setningar

Tabell 4.4.1 og 4.4.2 viser kor mange prosent av setningane som startar med noko anna enn subjekt i gruppene med høvesvis tysk og fransk som S2. Her kan eg gjenta at X står for alle andre ledd enn subjekt og verbal, og det er altså i slike topikaliserte setningar at norsk og tysk skil seg frå engelsk og fransk.

4.4.1 Fordelinga av topikaliserte setningar og delen av riktige topikaliserte setningar i gruppa med tysk som S2.

Tekst-id	Topikaliserte setningar %	Riktig verbplassering i topikaliserte setningar %
h0169	35,0	100,0
h0179	40,7	100,0
h0213	50,0	100,0
h0241	28,9	90,9
h0334	42,1	100,0
h0428	28,6	90,0
h0436	15,4	100,0
h0503	15,4	100,0
h0521	29,2	100,0
h0533	20,0	75,0
h0610	20,0	100,0
h0621	32,3	100,0
Gjennomsnitt	29,8	96,3
<i>Standardavvik⁶</i>	<i>10,1</i>	<i>7,0</i>

⁶ Standardavviket er målt ved formelen «Stdav.P» i Excel for å finne spreining av verdiane i datasettet.

4.4.2. Fordelinga av topikalisererte setningar og delen av riktige topikalisererte setningar i gruppa med fransk som S2.

Tekst-id	Topikalisererte setningar %	Riktig verbplassering i topikalisererte setningar %
h0178	28,1	88,9
h0189	46,2	100,0
h0234	15,4	100,0
h0300	22,5	100,0
h0457	53,8	95,2
h0443	33,3	90,9
h0464	34,6	88,9
h0469	25,0	100,0
h0470	23,1	100,0
h0481	16,7	100,0
h0500	35,1	85,0
h0553	37,5	100,0
Gjennomsnitt	30,9	95,7
<i>Standardavvik</i>	<i>11,0</i>	<i>5,5</i>

5. Analyse

5.1 Samla resultat

Det fyrste ein kan merkje seg frå resultatata er at alle informantane meistrar verbplassering både i hovud- og undersetningar på ein måte som i stor grad er målspråkslik. Ingen informantar gjer det dårlegare enn 89,9%. I gruppa med tysk som S2 har halvparten (seks stykk) ingen inversjonsfeil i det heile, og i den franske gruppa er det to informantar som ikkje har inversjonsfeil. Dette er oppløftande resultat med tanke på mogelegheita for å meistre norsk inversjon, særleg fordi blant anna Hagen (1992) omtalar inversjonsfeil som «notorisk vanskelig» for innlærarar av norsk å meistre (s. 28).

I denne samanhengen kan det vere aktuelt å spørje seg kva som skal til for at ein kan seie at eit trekk er «meistra», og kor god ein må kunne noko for å seie at det er ein internalisert del av mellomspråksgrammatikken. Busterud (2013) viser blant anna til at Dulay og Burt (1974) set grensa på 90%. Wakabayashi (1996) meiner at fyrst når ein S2-tilegnar oppnår 100% kan ein hevde at den er fullstendig tileigna (gjengjeve i Busterud, 2013).

Ein kan heller ikkje vere heilt sikker på at dei som har 100% riktig har meistra regelen fullstendig, fordi dette er ein skriftleg kontekst der det er lettare å bruke sjølvkorreksjon. Berggreen og Tenfjord (1999, s. 61) omtalar det slik: «Når [språkinnlæreren] har god tid, er

fokusert på form og samtidig kjenner den aktuelle regelen, kan monitoren kobles inn og fungere som en redaktør ved rette formelle feil i en ytring som er under planlegging» (Berggreen og Tenfjord, 1999, s. 61). Eg kan dermed ikkje sjå vekk frå at resultatet hadde vorte annleis i ein munnleg kontekst.

I begge gruppene blir det gjort fleire feil i hovudsetningar enn i undersetningar. Dette er interessant, fordi både Selven (2014), Hagen (1992) og Brautaset (1996) syner at inversjon i hovudsetningar er vanskelegare enn inversjon i undersetningar. Der overinversjon «langsamt men sikkert blir overvunnet av de aller fleste» (Hagen, 1992, s. 32), er underinversjon ein feiltype som er «av en helt annen art [enn overinvertering], og vanskeligere å overvinne selv for ellers ganske flinke studenter» (Hagen, 1992, s. 32).

Det at eg fekk eit anna mønster kan kome av at resultatet berre baserer seg på 16 feil i hovudsetningar og 29 feil i undersetningar, så individuelle skilnadar og tilfældigheiter kan ha store utslag. Resultatet kan òg ha samanheng med at desse tekstane er frå innlærarar lengre ute i læringsløypa enn dei tekstane Hagen (1992), Brautaset (1996) og Selven (2014) undersøker, og det kan tyde på det faktisk heller er underinversjonsfeil som er mest seigliva ved innlæring av norsk. Alternativt kan desse resultata kome av at vurderingskriteria eg har brukt til å vurdere kva som er eller ikkje er grammatisk har vore annleis enn dei Hagen (1992), Brautaset (1996) og Selven (2014) brukte (jf. usikkerheit ved bestemming av inversjonsfeil, kapittel 3.2.).

5.2 Statistiske skilnadar mellom gruppene

Når det gjeld skilnadar mellom dei to gruppene kan det sjå ut som dei tyske innlærarane gjer det omtrent eitt prosentpoeng betre både i hovud- og undersetningar, med ein skår på 98,9 % i hovudsetningar og 95,6 % i undersetningar, mot høvesvis 97,7% og 94,7% i gruppa med fransk som S2 (sjå tabell 1 og 2). Ut frå dette kunne ein gått ut frå at det ikkje er ein asymmetrisk skilnad i korleis innlærarane med tysk som S2 meistrar inversjon i hovudsetningar samanlikna med undersetningar.

Men fordi svært mange i tyskgruppa (6 stykk, 50%) ikkje har feil i det heile teke, dreg dei snittet opp både i hovud- og undersetningar. Ved å sjå nøyare på dei feila som faktisk vert

gjort, i tabell 4.2.1. og figur 1 og 2, ser det ut som at det er ein asymmetri mellom dei to gruppene, der gruppa med tysk som S2 relativt sett gjer fleire hovudsetningsfeil enn undersetningsfeil enn det gruppa med fransk som S2 gjer. Ei vanlig tolking av overinversjonsfeil er at «eleven forstår hvordan man inverterer, men at invertering anvendes i kontekster der den ikke hører hjemme» (Hagen, 1992, s. 29). Ein kan tenkje seg at innlærarane allereie meistrar V2 i tysk, og overgeneraliserer og brukar regelen òg i norske undersetningar, der ein ikkje skal bruke han.

Samstundes er det ikkje slik at innlærarane med tysk som S2 gjer fleire feil i undersetningar enn det innlærarane med fransk S2 gjer. Difor kan ikkje desse resultata brukast til å seie at V2 i tysk fører til negativ transfer til undersetningar i norsk. Det desse resultata derimot kan tyde på, er at ein faktisk kan overføre V2 i hovudsetningar frå eit S2 til eit S3, og at det at ein kan ein språk med V2 frå før av, gjer det noko lettare å lære eit nytt språk med dette trekket.

Dette viser dermed noko av det same som det Bohnacker (2006) viser, altså at svenske innlærarar av tysk som ikkje hadde engelsk frå før, overfører V2 frå svensk til tysk. Det må igjen påpeikast at det her er snakk om svært få informantar med svært få feil, og difor har enkeltinformantar stor påverknad på resultatet. Til dømes utgjer informanten h0241 heile sju feil i undersetningar og ein feil i ei hovudsetning, altså 50% av alle feila den tyske gruppa gjer. Utan denne informanten hadde resultata vorte svært annleis. Dette viser behovet for eit større datamateriale som er mindre sensitivt for individuelle skilnader.

5.3 Avvik i hovudsetningar

Eg vil no sjå nærare på dei feila som faktisk er gjort. Hagen (1992) skriv at det underinverterte setningar har til felles, «synes å være at de inneholder trekk som belaster språkbrukerens informasjonsbehandlings-kapasitet i sterkere grad enn de korrekte inverterte setningene han får til» (s. 34). Han viser at jo tyngre fyrstekonstituenten i setninga er, jo større er sannsynet for underinversjon (Hagen, 1992, s. 33). Tabell 4.3.1. syner at hjå dei med tysk S2 har fire av fem feilsetningar tunge fyrstekonstituentar beståande av minst sju ord. Alle desse fyrstekonstituentane inneheld finitte verb, til dømes: «det som var et kjent området for alle ikke finnes lenger» (h610). Det siste eksempelet har ein andrekonstituent som er tung og inneheld eit finitt verb: «på skolene, de som er mest [unclear] er ofte de som er penest» (h0428).

Hagen (1992) skriv at om eventuelle adverbial er korte og frekvente, gjer det sannsynet for å meistre inversjon større. Alle dei fem setningane til gruppa med tysk som S2 inneheld adverbial, og i dei fire fyrste tilfella er dette fyrstekonstituenten, medan det er andrekonstituenten i den femte setninga. I fire av tilfella er det snakk om lange og ufrekvente adverbial, som altså skal vere vanskelegare å meistre. I det siste eksempelet er det eit kort og frekvent adverbial, nemleg nektingsadverbialet «ikke»: «Det som var et kjent område for alle ikke finnes lenger» (h0610). Ein kan moglegvis forklare denne underinversjonen med at fyrstekonstituenten her er lang. Ut frå dette kan ein seie at hovudsetningane med inversjonsfeil som gruppa med tysk som S2 gjer, i stor grad inneheld trekk som «belastar språkbrukaren sin informasjonsbehandlingskapasitet» (jf. Hagen, 1992).

I gruppa med fransk som S2 kan ein i tabell 4.3.2 sjå feil i fleire setningar der *korte* og *lette* ledd står framføre verbet. I berre to av eksempla er det ledd med finitte verb som har ført til underinversjon (begge frå h500). Eksempel på korte ledd er «moren min alltid» (h0178) og «gutter ofte» (h0481). Dette gjeld både om det er eit subjekt eller adverbial som står fremst. Ein kan dermed sjå på dei fleste av desse feila som meir «grunnleggjande» enn det gruppa med tysk som S2 gjorde.

I gruppa med fransk som S2 er det to tilfelle av feilinversjon. «Eller må de ofte lese til elevene» (h0457) kan ein analysere som at innlæraren mistolkar konjunksjonen «eller» som eit adverbial som utløyser V2-inversjon. Setninga «Til og med de som dør, forlater de aldri mim minnene» (h0500) kan ein analysere som at det handlar om ein intern partikkel som eigentleg har ein valfri plass før det finitte verbet (jf. Eide & Sollid, 2011, s. 351), og at det i norsk eigentleg skal vere: «Til og med de som dør, de forlater aldri minnene». Det kan altså her vere snakk om at verbet flytter for langt. Hagen (1992) omtalar feilinversjon som ein lite utbreidd feiltype som innlærarar ofte kvittar seg med tidleg i innlæringsløypa.

Som ei foreløpig oppsummering kan ein seie at i tillegg til at gruppa med fransk som S2 gjer fleire V2-feil, gjer dei òg meir grunnleggjande feil, som i mindre grad skulle «overbelaste språkbrukerens informasjonsbehandlingssentral» (jf. Hagen, 1992) enn dei feila til gruppa med tysk som S2 gjer.

5.4. Topikaliserte setningar

For å finne ut om informantane unngår å produsere setningar som tematiserer noko anna enn subjekt, vart talet på topikaliserte setningar samanlikna. Tabell 4.4.1 og 4.4.2 viser at gjennomsnittleg sett tematiserer innlærarane andre ledd enn subjekt i stor grad, med gjennomsnitt på 29,8% i gruppa med tysk som S2 og 30,9% i gruppa med fransk som S2. Eide og Sollid (2011) viser at morsmålsbrukarar av norsk tematiserer ikkje-subjekt i 37% av alle setningar⁷. Dermed har begge gruppene samla sett eit resultat som ikkje er langt frå ein morsmålsbrukar av norsk.

Tabellane viser likevel at det er svært store individuelle skilnadar, og standardavviket i datamaterialet er difor stort. Ein kan ikkje seie at ei av gruppene topikaliserer meir enn den andre. Det var ein fransk innlærarar som hadde det høgste delen av topikaliserte setningar, (h0457 med 53,8%), men òg ein fransk innlærar som hadde den lågaste delen (h023 med 15,4%). Det er heller ikkje nokon klar samanheng mellom tal på topikaliserte setningar og kor mange feil ein gjer, det Fabricius-Hansen (1981) kallar feilkvote (s. 68). Den tyske innlæraren h0334 har til dømes 42,1% topikaliserte setningar, og likevel 100% riktig verbplassering. På andre sida av skalaen er det den tyske innlæraren h0533, som berre har 20% topikaliserte setningar, men likevel riktig berre i 75% av desse.

Med bakgrunn i dette kan eg difor ikkje seie at det er ein generell trend at dei som oftast nyttar inversjon er dei som meistrar det best, eller at dei som har eit S2 med V2 har større sannsyn for å starte setningar med noko anna enn subjekt. Ein kan dermed heller ikkje seie at resultat vist i 4.1.1 og 4.1.2 kjem av at den eine gruppa brukar meir inversjon enn den andre, og at underproduksjon er ein grunn til resultata som ligg føre.

6. Diskusjon

I analysekapittelet kom det fram at innlærarane med tysk som S2 gjer færre inversjonsfeil i hovudsetningar enn det innlærarane med fransk som S2 gjer. Av dei feila som kjem føre, gjer gruppa med tysk som S2 om lag tre gongar så mange inversjonsfeil i undersetningar samanlikna med hovudsetningar. Den største skilnaden mellom gruppene er likevel kor

⁷ Dette resultatet er frå munnleg språk, og her er det truleg meir vanleg med topikalisering enn i skriftleg språk (Eide & Sollid, 2011).

avanserte dei feila som vert gjort er. Gruppa med fransk som S2 gjer markant fleire grunnleggjande feil enn det gruppa med tysk S2 gjer. I så måte oppfører dei med tysk S2 seg etter same mønster som dei med tysk som morsmål. Dette kan tolkast som at det i alle fall til ein viss grad skjer transfer frå andrespråket tysk inn i tredjespråket norsk. Dette ville i så fall gått imot det Håkansson et al. (2002) hevdar: at innlæring av V2 skjer på same måte hjå alle innlærarar, uavhengig av kva ein har som S1 og S2.

Ein viktig skilnad mellom mi undersøking og mange andre S3-undersøkinga er at mine informantar er på eit høgt nivå i tredjespråket norsk (minst B2). Bardel og Falk (2011) har undersøkt transfer for tredjespråksinnlærarar på eit B1-nivå, og funne evidens på transfer frå S2 i denne gruppa. Eg har difor gått ut frå at det er relevant å undersøkje innlærarar på det nivået som er gjort her. Det kan likevel vere interessant å vurdere kva innverknad det har kor langt ute i læringsløypa ein er. Paradis (2009) peikar på at den eksplisitte språklege kompetansen i seine stadium av S2/S3-innlæring gradvis vert erstatta av implisitt og automatisert kompetanse, og at tredjespråket sin syntaks etter kvart til dels blir ein del av det prosedurale minnet (s. 101).

Det er nettopp distinksjonen mellom proseduralt og deklarativt minne som Bardel og Falk (2012) brukar som argument for at transfer vil skje frå S2 og ikkje frå S1. Med utgangspunkt i dette kan ein tenkje seg at den effekten S2 hadde på S3 gav innlærarane eit «forsprang» på innlæringa av V2, og at det er dette forspranget ein kan sjå indikasjonar på i dette resultatet. Ein kan difor tenke seg at grunnen til at dei med tysk S2 gjer det betre enn dei med fransk S2, er at dei no i større grad har overført kunnskapen frå det deklarativt til det prosedurale minnet.

Sjølv om det i denne oppgåva har vorte brukt terminologi frå teorien L2 Status Factor i omtalen av proseduralt og deklarativt minne, viser ikkje denne undersøkinga noko om på kva måte transfer skjer på. Sidan det berre er sett på positiv transfer, er det ikkje mogeleg å seie noko om kor vidt det òg finst negativ transfer i innlærarane sin mellomspråksgrammatikk. Skulle ein testa dette, kunne ein i tillegg undersøkt om det er eksempel på negativ transfer frå andrespråket tysk. Viss ein hadde funne at gruppa med tysk som S2 gjorde det dårlegare på trekk som engelsk og norsk har felles, men ikkje tysk, kunne dette ha vore eit teikn på at det er L2 Status Factor som er gjeldande. Fråvær av dette kunne ha tyda på at det er CEM som er gjeldande.

7. Konklusjon

Så, påverkar kva S2 ein har korleis ein meistrar V2 i norsk? I denne oppgåva har eg undersøkt om ei engelskspråkleg gruppe som har tysk som S2 har ein fordel ved innlæring av norsk verbinversjon over ei kontrollgruppe som har fransk som S2.

Gruppa med tysk som S2 gjorde det betre enn kontrollgruppa som hadde fransk som S2 i både hovud- og undersetningar. Ved undersøking av dei feila tyskgruppa gjorde, vart det klart at dei gjorde tre gongar så mange feil i undersetningar som i hovudsetningar, og her skilte dei seg frå dei som hadde hatt fransk som S2. Feila gruppa med tysk som S2 gjorde var dessutan av ein annan art enn det kontrollgruppa gjorde: det var feil som høyrer til den gruppa Hagen (1992) omtalar som «trekk som belaster språkbrukerens informasjonsbehandlings-kapasitet».

Dei viser dermed til dels den same asymmetrien som Selven (2014) viser at dei som har tysk som morsmål har. Det må seiast at sidan begge informantgruppene er svært gode i norsk, var det få feil i datamaterialet, noko som gjer det vanskeleg å avgjere kor sterke resultatata er.

8. Avslutning

Det var kanskje ambisiøst å tru at eg kunne kome til botnen i spørsmåla i problemstillinga, men på vegen dit har eg lært mykje og funne nokre svar. For meg har det vore svært spennande å utføre ein analyse og prøve ut etablerte hypotesar, og eg har lært mykje om norsk syntaks. Analysearbeidet var meir krevjande enn det eg hadde sett for meg, og eg har fått innsikt i kor mykje arbeid som ligg bak sjølv ei lita undersøking som denne.

Ei utfordring var at omfanget på denne oppgåva gjorde at det ikkje var mogeleg å dykke så djupt inn i tematikken som eg skulle ha ønska. Til dømes synst eg det er veldig spennande å sjå på mellomspråksgrammatikk som eit sjølvstendig grammatisksystem. I så måte kunne det vore interessant å undersøkje avvika som vart gjort ikkje berre som «feil», men som del av eit system med sin interne logikk. Sjølv om eg måtte avgrense meg, føler eg likevel at eg har gjort eit spennande stykke lingvistisk arbeid. Det eg har lært er eg heilt sikker på at eg kan få bruk for i framtidig arbeid som språklærer, og i vidare arbeid med språkvitskap.

9. Litteratur

- Bardel, C. & Falk, Y. (2007) The role of the second language in third language acquisition: the case of Germanic syntax. *Second Language Research* 23 (4): 459-484.
- Bardel, C. og Falk, Y. (2012). The L2 status factor and the declarative/procedural distinction. I Cabrelli Amaro, J., Flynn, S. & Rothman, J. (red.) *Third Language Acquisition in Adulthood*, 61-78. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins.
- Berggreen, H. og Tenfjord, K. (1999). *Andrespråksinlæring*. Oslo: Gyldedal Norsk Forlag.
- Bohnacker, U. (2006). When Swedes begin to learn German: From V2 to V2. *Second Language Research*, 22(4), 443-486.
- Brautaset, A. (1996). *Inversjon i norsk mellomspråk*. Oslo: Novus Forlag.
- Busterud, G. (2013). *Anaforiske bindingskonstruksjoner i norsk som andrespråk*. Avhandling for dr.art-graden. Det historisk-filosofiske fakultetet. NTNU.
- Dulay, H. & Burt, M. (1974). Natural sequences in child second language acquisition. I *Language Learning* 24, 37-53.
- Eide, K. M. & Sollid, H. (2011). Norwegian main clause declaratives: variation within and across grammars. I Siemund (red.) *Linguistic Universals and Language Variation*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Eide, K. M. (2015). Tilegnelse av verbale kategorier. I K. M. Eide (Red.), *Norsk andrespråkssyntaks* (s. 135-195). Oslo: Novus Forlag.
- Fabricius-Hansen, C. (1981). *Kontraster og fejl. Indføring i kontrastiv beskrivelse og elevsprøgsanalyse på norsk-tysk grundlag*. Oslo: Osloer Beiträge zur Germanistik. Veröffentlichungen des Germanischen Instituts der Universität Oslo.
- Falk, Y. & Bardel, C. (2011). Object pronouns in German L3 syntax: Evidence for the L2 status factor. *Second Language Research* 27(1), 59-82.
- Flynn, S., Foley, C., Vinnitskaya, I. (2004). The Cumulative-Enhancement Model of Language Acquisition: Comparing Adults' and Childrens' Patterns of Development in First, Second and Third Language Acquisition of Relative Clauses. *International Journal of Multilingualism* 1(1): 1-16.
- Hagen, J. E. (1992). «Feilinvertering, overinvertering og underinvertering.» I *NOA. Norsk som andrespråk* (15), 27-38

- Hagen, J. E. (2001). „Finittkategoriens kritiske karakter i norsk som andrespråk.» I A. Golden og H. Uri. (red.). *Andrespråk, tospråklighet, norsk: festskrift til Anne Hvenekilde*. Oslo: Uipub, 45-57.
- Håkansson, G., Pienemann, M. & Sayehli, S. (2002). Transfer and typological proximity in the context of second language processing. *Second Language Research* 18(3), 250-273.
- Jaensch, C. (2012). Acquisition of L3 German. Do some learners have it easier? I Cabrelli Amaro, J., Flynn, S. & Rothman, J. (red.) *Third Language Acquisition in Adulthood*, 165-194. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins.
- Johannessen, J. B. (2003). Innsamling av språklige data: Informanter, introspeksjon og korpus. I J. B. Johannessen, S. Erlekamp, E. Lanz og A. M. Vonen (Red.) *På språkjakt*, 133-172. Oslo: Unipub forlag.
- Lardiere, D. (2000). Mapping Features to Forms in Second Language Acquisition, I J. Archibald (Red.) *Second language acquisition and linguistic theory*. Oxford: Blackwell, 102-129.
- Paradis, M. (2009). Declarative and Procedural Determinants of Second Languages. *Studies in Bilingualism* (40). Amsterdam: John Benjamins.
- Pienemann, M. (1998). Is language teachable? Psycholinguistic experiments and hypotheses, *Applied Linguistics* (10), 52-79.
- Rizzi, L. (1996). “Residual Verb Second and the *Wh*-Criterion.” I Belletti, A. og L. Rizzi (red.) *Parameters and Functional Heads*, 63-90. Oxford: Oxford University Press.
- Schmeißer, A. & Jansen, V. (2015). Finite Verb Placement in French Language Change and in Bilingual German-French Acquisition. In P. Guijarro-Fuentes, K. Schmitz, & N. Müller (Red.), *The Acquisition of French in in Multilingual Contexts* (Vol. 94, Second language acquisition) (s. 10-39). Bristol: Channel View Publications.
- Selven, J. (2014). Finittmarkering og inversjon i norsk som andrespråk. En studie av tyske, engelske, engelske, russisk og vietnamesiske andrespråkstilegnere. Masteroppgave, Institutt for språk og litteratur, NTNU.
- Tenfjord, K., Hagen, J. E. & Johansen, H. (2009). Norsk andrespråkskorpus (ASK) – design og metodiske forutsetninger. *NOA Norsk som andrespråk* 25(1), 52-81.
- Wakabayashi, S. (1996). The nature of interlanguage: SLA of English reflexives. I *Second Language Research* 12(3), 266-303.
- Williams, S. & Hammarberg, B. (1998). Language switches in L3 production: Implications of a polyglot speaking model. *Applied Linguistics* 19, 295-333.

Åfarli, T. A. & Eide, K. M. (2003). *Norsk generative syntaks*. Oslo: Novus.

Åfarli, T. A. (2015). UG-basert andrespråksteori og leddstillingsvariasjon. I K. M. Eide (Red.), *Norsk andrespråkssyntaks* (s. 59-94). Oslo: Novus Forlag.

10. Korpora

Norsk andrespråkskorpus: ASK Hovedkorpus. Universitetet i Bergen.

Norsk andrespråkskorpus: ASK Korrektkorpus. Universitetet i Bergen.

